

Referat frå elevrådsmøte fredag 25-04-14

Desse møtte : Tuva, Nickolai, Kevin, Sebastian, Ingrid og kontaktlærer.

Sak 42 / 13-14 : Godkjenning av referat frå møte 13-03-14

Referatet vart godkjent utan merknader.

Sak 43 / 13-14 : Takkebrev og Diplom frå SOS Barnebyer

Takkebrev og Diplom er hengt på oppslagstavlene.

Sak 44 / 13-14 : Tilbakemelding frå møte med repr. frå kommunen 27. mars

Elevane som var med i delar av dette møtet, synest det var kjekt. Det verka som dei to frå kommunen likte det dei såg og høyrde her på skulen.

Sak 45 / 13-14 : Tilbakemelding frå Vernerunden 28. mars

Tuva refererte frå Vernerunden. Nokre ting bør ordnast : Dusjvegg, takplate i 7.kl.rommet, oppheng for basketballkorg, festa rumpedissa. Ein såg på plassering av ny leikehytte.

Sak 46 / 13-14 : Unicef-runden,- vil elevrådet at skulen skal meldast på denne gongen ?

Saka bør sendast vidare til FAU, for å få vita kva dei føresette meiner. Unicef-runden : Kvar elev som vil vera med, avtalar først med vaksne om kor mykje pengar (t.d. 2 kr) han/ho får for kvar runde rundt skulen ein spring. Pengane skal leverast anonymt. Elevrådet meiner dette er ein god måte å samla inn pengar til barn i Afrika, og ønskjer at skulen vert påmeldt. Saka vert sendt til FAU.

Sak 47 / 13-14 : Orientering : Vedtak om elevpermisjonar

Lærer orienterte : Ved søknad om permisjon i 1-2 dagar skal meldingsbok nyttast og kontaktlærer avgjer. Ved 3-10 dagar skal eige skjema brukast, rektor avgjer. To veker er maksimal grense for permisjon.

Margunn D. S. (ref.)